

Diakoniplan Ulstein sokn

2018-2021

*Ulstein sokn sin visjon: **Saman på ferda.***

Definisjonen av diakoni er som følgjer:

«Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste.

Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.»

Diakonien står sentralt i kyrkja sitt liv gjennom gudstenesta, trusopplæringa, korarbeid og møte med menneske i sorg og kriser og fellesskapsfremjande tiltak. Diakoni er evangeliet i handling, og dette er noko som skal kome fram i all vår aktivitet.

Det er ein sentral side av det kristne menneskesynet at vi som menneske er skapt i Guds bilete til å være medmenneske. Vi er utleverte til kvarandre, og vi er avhengige av kvarandre og alt som lever. Vi er skapte til å tene kvarandre og til å ha omsorg for kvarandre. Som Kristus elska oss, skal vi elska kvarandre og syna omsorg for kvarandre som medmenneske. Alle aldersgrupper vert utfordra til eit kvardagsliv i teneste. Diakonien har eit særskilt ansvar der få, eller ingen bryr seg. Det er grunnleggjande at vi har respekt for kvarandre og ser det einskilde menneske sin verdi.

Planen er meint som en oversikt over korleis diakonien er synleg i Ulstein kyrkjelyd, og inndelt etter dei fire søylene frå Den norske kyrkja sin plan for diakoni; nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferdighet og vern om skaparverket.

Denne reviderte diakoniplanen er vedtatt i soknerådsmøte 26.09.2018

NESTEKJÆRLEIK

Målsetting	Tiltak	Tid for gjennomføring	Tid for evaluering	Ressursar	Samarbeid med	Ansvarleg
<p>1) Leggje til rette for at menneske kan hente styrke og hjelp i relasjonen til Gud. Gje rom for stillhet og kvile og tid til bønn og ettertanke.</p>	<p><i>Open kyrkje</i></p> <p><i>Stille time</i></p> <p><i>Forbøn</i></p> <p><i>Sjelesorg</i></p>	<p><i>Frå kl. 08:30 til 16 tysdag - fredag</i></p> <p><i>2 måndagar kvar månad frå september til mai.</i></p> <p><i>Drypp. Ten Sing avslutning i kyrkja og etter avtale med prester og diakon</i></p> <p><i>Etter avtale med prester eller diakon.</i></p>	<p>Kvart semester</p>	<p>Kyrkjetenar</p> <p>Diakon, frivillige</p> <p>Prest. Barne og ungdomsarbeider og frivillige.</p>		<p>Kyrkjetenar, kyrkjevevja.</p> <p>Diakon</p> <p>Prest Barne- og ungdomsarbeider</p>
<p>2) Menneske i kyrkjelyden og i byen som har det vanskeleg grunna einsemd, sorg, sjukdom, eller anna, skal få kjenna at kyrkjelyden er til stade for dei og utøver kristen nestekjærleik.</p>	<p><i>Besøkstenesta for å hindre einsemd</i></p> <p><i>Ringblomen - sosial møtestad for eldre.</i></p> <p><i>Heimebesøk til dei som har mist ektefelle eller barn. Sorggrupper. Minnesamling.</i></p>	<p><i>Etter avtale mellom besøkjer og mottakar</i></p> <p><i>Første måndag i månaden.</i></p> <p><i>Ca 1 mnd. etter gravferda. Tilbod om sorggruppe kvar haust.</i></p> <p><i>Kvelden før helgemesse</i></p>		<p>Frivillige</p> <p>Bygdestova, frivillige</p> <p>SUFH</p>	<p>Frivillige</p> <p>Andre sokn</p>	<p>Diakonen</p> <p>Diakonen</p> <p>Prestar og diakon</p> <p>Prestar, diakon. Diakon og diakoniutval. Prest</p>
<p>3) Lage møteplass for heimeverande med små born og for nye i bygda (utlendingar og norske utan barnehageplass)</p>	<p><i>Open barnehage</i></p> <p><i>Babysong</i></p>	<p><i>2 gongar kvar veke</i></p> <p><i>2 gonger kvar månad.</i></p>		<p>Fredheim</p>		<p>Barne og ungdomsarbeider. Trusopplæringsansvarleg.</p>

INKLUDERANDE FELLESSKAP

Målsetting	Tiltak	Tid for gjennomføring	Tid for evaluering	Ressursar	Samarbeid med	Ansvarleg
1) Gudstenestefellesskap som opplevast inkluderande og inviterande	<i>Kyrkjevertar som helsar og som kan gje nye ei god oppleving av aksept. Kyrkjesvaler –born som får delta i oppgåver. Utfordre til medverknad gjennom tilrettelagte oppgåver.</i>	Kvar søndag	Ved nytt soknerådssval	Frivillige	Kyrkjelyd	Sokneråd, prestar
2) Vi vil ha eit tilbod til innvandrarar og flykningar som ikkje kan norsk.	<i>Tilbod om lese og preiketekst på lappar slik dei kan lese i eigen bibel. Tolketeneste. Kvinnegruppe der søndagens tekst er tema.</i>	Ved alle gudstenester Kvar 14 dag.		Simultantolkesett.	Sekretær Frivillige	Diakoniutvalet Diakon m frivillige
3) Skape trygge og trivelege møteplassar for menneske i alle aldrar.	<i>Korklubb. Tween Sing Ten Sing Støtte opp om speiderarbeidet. Støtte opp om KRIK. Fredag-fredag, sosial møteplass for ungdom i samband med DRYPP Kyrkjekaffi «Endeleg Torsdag» middagstilbod Sommarfest Felles kveldsmat på skjærtorsdag Internasjonal kvinnegruppe som er eit sosialt og åndeleg tilbod til innflyttarkvinner.</i>	Måndag i oddetalsveke. Annan kvar torsdag. Kvar onsdag Ein gong kvar månad. Etter dei fleste søndagsgudstenestene 2-3 gongar kvart semester. Ein gong i året. 1-2 gongar i månaden.	Kvart år Kvart år	Fredheim, Fredheim Fredheim Fredheim / kyrkja Fredheim Fredheim Kjeldsund Fredheim Møta skjer i heimane til diakon og frivillige.	Frivillige KFUK/M KRIK Søndagsskulen Frivillige KFUK/KFUM	Organist Barne- og ungdomsarbeidar / kateket Kapellan, barne- og ungdomsarbeidar Diakon Staben Diakoniutvalet. Diakon

INKLUDERANDE FELLESSKAP

Målsetting	Tiltak	Tid for gjennomføring	Tid for evaluering	Ressursar	Samarbeid med	Ansvarleg
4) Som kyrkje ønskjer vi å gje eit åndeleg tilbod til dei som ikkje kjem seg så lett til kyrkje	<i>Andakt på sjukeheimen og Ulshaug. Nattverdsgudstenester på inst. Tv-overføring av gudstenester. Kyrkjeskys; gje eldre og folk utan bil høve til å koma til kyrkja.</i>	Kvar torsdag. 2-3 gonger kvart år. Kvar veke. Kvar søndag.		Frivillige, Sjukeheimen, Bygdastova		Prest Kyrkjetenar Diakon
	<i>Gudstenester med universell utforming.</i>	2gonger kvart år		Heimetenesta		Diakon
5) Legge til rette for frivillig engasjement.	<i>Definere oppgåver som er lette å svare ja til. Frivillighets-App</i>					Alle ansatte

VERN OM SKAPARVERKET

Målsetting	Tiltak	Tid for gjennomføring	Tid for evaluering	Ressursar	Samarbeid med	Ansvarleg
<p>1) Kyrkja og kyrkjelyden arbeider med den bibelske forståing av Guds skaparverk og mennesket som ein del av det.</p>	<p><i>Ulstein er Grøn Kyrkjelyd. Skape engasjement. Være medvetne på miljøperspektivet både praktisk i ord og handling. Hausttakkefest. Skaparverkets dag. Temasamlinger om forvaltaransvaret ved «torsdagskvelder» på Fredheim. Trusopplæringstiltak for 1. og 2. klasse</i></p>	<p><i>Ved våre samlingar.</i></p> <p><i>Haust</i></p> <p><i>Vår</i></p> <p><i>På supertorsdag for konfirmanter</i></p>	<p>Kvart år.</p>	<p>Fredheim. Eksterne foredragshaldarar.</p>	<p>Alle personar i utval og dei tilsette i kyrkja. Speidaren og Changemaker.</p> <p>Frivillige.</p> <p>Torsdagskveld-komitéen.</p>	<p>Sokneråd.</p> <p>Gudsteneutval. Trusopplæringsarbeider. Diakoniutval. Gudsteneutvalet. Prest</p> <p>Kateket.</p> <p>Trusopplærar</p>
<p>2) Fremje glede og respekt for skaparverket.</p>	<p><i>Fokus på Havet Oppfordring til gjenbruk.</i></p> <p><i>Turar for kyrkjelyden.</i></p> <p><i>Aktiv deltaking i ryddeaksjonar. Aksjon og informasjon om plast i havet.</i></p>	<p><i>Minst 1. gong kvart år.</i></p> <p><i>To gonger kvart år.</i></p> <p><i>Vår og sommar.</i></p>	<p>Kvart år.</p> <p>Kvart år</p>	<p>Turar og liknande må inkludera også dei som ikkje har bil.</p>	<p>Søndagsskulen, Krik og Speidaren.</p>	<p>Frivillige</p>

KAMP FOR RETTFERD

Målsetting	Tiltak	Tid for gjennomføring	Tid for evaluering	Ressursar	Samarbeid med	Ansvarleg
1) Som kyrkje er vi utfordra til å arbeide med rettferd og menneskerettar i eit globalt så vel som eit lokalt perspektiv	<i>Bevisstgjering. Påverke lokale og nasjonale myndigheter.</i> <i>Skape inkluderande og aksepterte væremåtar hos barn og vaksne.</i>	Ved våre samvær. I enkelte gudstenester kan ein nytte spesielle forbøner og liturgi.	Kvart år.		Opne dører og Det Norske Misjonsselskap og Misjonsalliansen.	Sokneråd. Gudstenesteutval. Diakoniutval.
2) Globalt engasjement gjennom misjonsprosjektet og fasteaksjonen	<i>Bidra til økt forståing for andre og skaffe pengar. Minst 2 gudstenester der misjon er tema. Misjonsprosjektet med i forbøna. Støtte SUFH og Globalløpet Skape engasjement hos konfirmantane. Informasjon om fasteaksjonen til kyrkjelyd og samfunn.</i>	Ved spesielle gudstenester. Fastetida.	Ved utløp av ein avtale. Ved byte av sokneråd.	Brosjyrer og materiell frå misjonsorganisasjonane. Brosjyrer og bøsser frå KN	Misjonsorganisasjonar. SUFH Kirkens Nødhjelp. Foreldre.	Sokneråd Prest Diakon Kateket
3) Stå opp for dei i vårt nærmiljø som vert råka eller trua av urett.	<i>Planane som finnast om overgrep og seksuell krenking må være kjende for stab. Det må gjevast opplæring til alle som arbeider med born og unge og spesielt før leirar og turar.</i> <i>Så langt muleg hjelpe flyktningar med søknader og klager til UDI (ikkje økonomisk).</i>	Gjennomgang av planane kvart år. Opplæring til alle som er med på til dømes leirar/turar			Frivillige Frivillige	Kyrkjeverge Kateket og trusopplærer.
4) Medverke til at bebuarar på institusjonar får rett til å praktisere tru og livssyn.	<i>Dialog med ansatte på eldreinstitusjonar og i heimetjenesta, via samtaler og evt. fagdager. Bidra til å ivareta bebuarnes åndelege behov. Kunne formidle kontakt med andre religiøse leiarar om naudsynt.</i>			Heftet «Tru og håp» Helse og sosialtenesta Diakonen.	Helse og sosialtenesta.	Diakonen. Prestane. Sekretæren.
5) Støtte sal av rettferdige produserte varer.	<i>Bruke rettferdig kaffi på våre samlingar, og andre varer.</i>	<i>På kontoret og på kyrkjekaffien</i>			Frivillige	